



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
18/144015-2


Dykkar referanse: Vår dato:
18/1742 – 18/19992 12.07.2018

Uttale – Disposisjon – Massedeponi – E39 – Gnr. 215 og 2 – Eidsnes Ytre – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 21.06.2018. Lindås kommune ber om uttale til søknad om å etablere massedeponi langs E39. Frist for uttale er 18.07.2018.

Kva saka gjeld:

Søknaden gjeld uttak av om lag 52 500 m³ masser i samsvar med reguleringsplan *Eikanger Næringsområde (2012)* som er lokalisert på nordsida av E39. Massane skal deponerast på sørsida av E39, på eit areal som er avsett til *landbruk,- natur- og friluftsføremål (LNF)* jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås. Det er søkt om bakkeplanering av landbruksarealet og tiltaket treng difor mellombels disposisjon frå arealføremålet. Driftstida skal vere 2 – 3 år.



Situasjonsplan.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Uttale:

Eikanger næringsområde er under utbygging og det er behov for å deponere massar som følgje av dette. Søker viser til eit større område på motsett side av E39 som kan nyttast til føremålet, og grunngjev søknaden med at det er ein fordel med kort transport av massar, samt at tiltaket vi ha ein gevinst for landbruket.

Fartsgrensa på E39 er 70 km/t på denne strekninga, og årsdøgertrafikk er 4100. Det vil seie at det er relativt hø fart og stor trafikk. Strekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 1* jf. *Rammeplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggjegrensar for riks- og fylkesveg i Region vest (2017 - 2020)*. Rammeplanen er retningsgjevande for korleis vi vil handsame ein søknad etter veglova eller ved ein søknad om dispensasjon.

Vi var på synfaring 04.07.2018 og vurderte forholda rundt kryssområdet inn til næringsområdet. Veganlegget er nyleg bygd, med god standard og løysing for gåande og syklende, planfri kryssing av E 39 for mjuke trafikantar, kollektivhaldeplass på begge sider av E39 mm.

Søknaden viser ikkje korleis ein har planlagt tilkomst til landbruksområdet. Dette er ein stor mangel og noko som medfører at vi ikkje kan ta stilling til søknaden slik den ligg føre.

På synfaring la vi merke til ei avkøyrslar frå E39 til landbruksarealet (deponiområde) like nord for kryssområdet. Vi finn ikkje denne att i plankart eller i tekniske teikningar som vi fekk under utbygging av området. Vi kjenner såleis ikkje til på kva plangrunnlag denne er etablert. Vi vurderer uansett at denne ikkje kan nyttast til føremålet som no er omsøkt.

Vi vil også gjere merksam på at E39 i prinsippet skal vere fri for avkøyrslar, og at vi vil ha ei svært restriktiv haldning for å opne for nye avkøyrslar på strekninga. Vi vil også vise til at nye avkøyrslar eller ved utvida bruk av eksisterande avkøyrslar må til vanleg regulert gjennom eit planarbeid.

Sluttord:

Statens vegvesen kan ikkje ta stilling til saka, fordi den er for dårleg opplyst. Det er ikkje vist i søknaden korleis ein skal ha tilkomst til landbruksarealet. Vi vil på generelt grunnlag vise til at vi har ei svært restriktiv haldning til å etablere nye avkøyrslar frå E39.

Vi vil rå i frå å fatte eit vedtak i saka før den er tilstrekkeleg opplyst, og vi har fått uttale oss på nytt. Vi vil og vise til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden jf. pbl § 19-2 fjerde ledd. Statens vegvesen skal ha eit eventuelt vedtak tilsendt for klagevurdering.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.